



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Voldsfjorden i 1. etg., Rådhuset
Dato: 06.06.2017
Tid: 13:05

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Åshild Vik	Medlem	SV
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Lars Peder Barstad	Sindre Kvangarsnes	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Edvin Løfoll	Sakshandsamar/ingeniør, PS 51/17-53/17
Per Heltne	Fagansvarleg plan, PS 42/17-53/17
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef

Peder Magnussen Fagansvaleg skogbruk (Ørsta kommune), PS 42/17-46/17



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 42/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 43/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 44/17	Bestandsplan for hjortevilt i Austefjorden Storvald 2017 - 2021
PS 45/17	Bestandsplan for hjort for Bjørkedal Utmarkslag 2017 - 2021
PS 46/17	Tildeling for 2017 etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt
PS 47/17	Gbr 2/2 - frådeling av bebyggd hyttetomt - klage over vedtak i Forvaltningsutvalet sak 21/17
PS 48/17	Gbr 2/105 Oppføring av tilbygg til hytte. dispensasjon frå plan. Klage over vedtak i forvaltningsutvalet sak 31/17
PS 49/17	Gbr 18/285 Dispensasjon frå reguleringsplan for Oppføring av tomannsbustad - Engeset/Klepp. klage over vedtak i Forvaltningsutvalet sak 33/17
PS 50/17	Gbr 19/858 - oppføring av carport med kjellarbod - dispensasjon frå plankrav - Bastianvegen 3
PS 51/17	Skiltplan Raudemyrvegen - Håmyra i anleggsperioden
PS 52/17	Skiltplan ved nye Øyra skule
PS 53/17	Skiltplan ved sjukehuset i Volda
PS 54/17	ORIENTERINGSSAKER
OS 4/17	Fylkesmannen - vedtak i klagesak etter plan- og bygningslova - gbr 135/2



VOLDA KOMMUNE

PS 42/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var 7 møtande ved møtestart.

Innkalling og saksliste:

Samrøystes godkjent.

PS 43/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 09.05.2017 vart samrøystes godkjent.

PS 44/17 Bestandsplan for hjortevilt i Austefjorden Storvald 2017 - 2021

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet godkjenner framlagd bestandsplan for hjort for Austefjord Storvald for perioden 2017 - 2021. Valdet får tildelt fellingsløyve på 830 frie dyr for denne 5-års perioden. Valdet kan overføre inntil 10 % av årleg kvote, dvs. 16 dyr, mellom åra i planperioden.

Det vert gjort fråvik frå minstearealet i kommunen etter § 7 i forskrifta, for planperioden. Grunngeving er at hjortestamma er stor i kommunen og området.

Handsaming:

Peder Magnussen som er fagansvarleg skogbruk (Ørsta kommune) møtte.

Røysting (7 røysteføre):

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.06.2017:

Forvaltningsutvalet godkjenner framlagd bestandsplan for hjort for Austefjord Storvald for perioden 2017 - 2021. Valdet får tildelt fellingsløyve på 830 frie dyr for denne 5-års perioden. Valdet kan overføre inntil 10 % av årleg kvote, dvs. 16 dyr, mellom åra i planperioden.

Det vert gjort fråvik frå minstearealet i kommunen etter § 7 i forskrifta, for planperioden. Grunngeving er at hjortestamma er stor i kommunen og området.



VOLDA KOMMUNE

PS 45/17 Bestandsplan for hjort for Bjørkedal Utmarkslag 2017 - 2021

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet godkjenner framlagd bestandsplan for hjort for Bjørkedal Utmarkslag Storvald for perioden 2017 - 2021. Valdet får tildelt fellingsløyve på 200 frie dyr for denne 5-års perioden. Valdet kan overføre inntil 10 % av årleg kvote, dvs. 4 dyr, mellom åra i planperioden.

Det vert gjort fråvik frå minstearealet i kommunen etter § 7 i forskrifta, for planperioden. Grunngeving er at hjortestamma er stor i kommunen og området.

Handsaming:

Røysting (7 røysteføre):

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.06.2017:

Forvaltningsutvalet godkjenner framlagd bestandsplan for hjort for Bjørkedal Utmarkslag Storvald for perioden 2017 - 2021. Valdet får tildelt fellingsløyve på 200 frie dyr for denne 5-års perioden. Valdet kan overføre inntil 10 % av årleg kvote, dvs. 4 dyr, mellom åra i planperioden.

Det vert gjort fråvik frå minstearealet i kommunen etter § 7 i forskrifta, for planperioden. Grunngeving er at hjortestamma er stor i kommunen og området.

PS 46/17 Tildeling for 2017 etter § 18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt

Administrasjonen si tilråding:

Hjortevald som ikkje har fleirårig bestandsplan skal ha tildeling av fellingsløyve etter § 18 om målretta avskyting heimla i Forskrift om forvaltning av hjortevilt (av jan. 2016).

Forvaltningsutvalet godkjenner tildelinga for hjortevalda for 2017 som er opplista i saksutgreiinga:

003 Dalsbygd hjortevald, 007 Liaskar/Egset, 010 Åmelfot/Mårstøyl, 011 Rotevatn Vassbotn Fremmerlid, 013 Driveklepp, 014 Rotset, 015 Steinsvik Vassbakke, 016 Åmelfotseter/Åmelfotdal, 017 Nordal/Klepp/Strand, 018 Halkjelsvik, 019 Åmelfot indre, 020 Bratteberg og 022 Mek/Krumsvik.

Tildeling etter § 18 skal vere etter kategori kalv (1/2 år), vakse hodyr (1 ½ år og eldre), spissbukk og vaksne hanndyr (1 1/2 år og eldre) for det enkelte vald med ei fellingsløyve på ca. 35 % kalv, 25 % kolle, 25 % spissbukk og 15 % vaksen bukk.

Handsaming:

Røysting (7 røysteføre):



VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.06.2017:

Hjortevald som ikkje har fleirårig bestandsplan skal ha tildeling av fellingsløyve etter § 18 om målretta avskyting heimla i Forskrift om forvaltning av hjortevilt (av jan. 2016).

Forvaltningsutvalet godkjenner tildelinga for hjortevalda for 2017 som er opplista i saksutgreiinga:

003 Dalsbygd hjortevald, 007 Liaskar/Egset, 010 Åmelfot/Mårstøyl, 011 Rotevatn Vassbotn Fremmerlid, 013 Driveklepp, 014 Rotset, 015 Steinsvik Vassbakke, 016 Åmelfotseter/Åmelfotdal, 017 Nordal/Klepp/Strand, 018 Halkjelsvik, 019 Åmelfot indre, 020 Bratteberg og 022 Mek/Krumsvik.

Tildeling etter § 18 skal vere etter kategori kalv (1/2 år), vakse hodyr (1 ½ år og eldre), spissbukk og vaksne hanndyr (1 1/2 år og eldre) for det enkelte vald med ei fellingsløyve på ca. 35 % kalv, 25 % kolle, 25 % spissbukk og 15 % vaksen bukk.

PS 47/17 Gbr 2/2 - frådeling av bebygd hyttetomt - klage over vedtak i Forvaltningsutvalet sak 21/17:

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med heimel i plan og bygningslova §19-2 vert det gitt dispensasjon frå gjeldande arealbruk i kommuneplan og tilhøyrande plankrav, for frådeling av eksisterande bebygd hyttetomt frå gnr 2.bnr 2, i samsvar med søknad datert 15/7.2016, og på fylgjande vilkår:*
- 2. Det skal ved deling sikrast vegrett og rett til biloppstillingsplass til tomte.*
- 3. Ved deling bør det sikrast grunnlag for framtidig framføring av vassleidning til eigedomen over hovudbruket.*

Handsaming:

Røysting (7 røysteføre):

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.06.2017

- 1. Med heimel i plan og bygningslova §19-2 vert det gitt dispensasjon frå gjeldande arealbruk i kommuneplan og tilhøyrande plankrav, for frådeling av eksisterande bebygd hyttetomt frå gnr 2.bnr 2, i samsvar med søknad datert 15/7.2016, og på fylgjande vilkår:*
- 2. Det skal ved deling sikrast vegrett og rett til biloppstillingsplass til tomte.*
- 3. Ved deling bør det sikrast grunnlag for framtidig framføring av vassleidning til eigedomen over hovudbruket.*



VOLDA KOMMUNE

PS 48/17 Gbr 2/105 Oppføring av tilbygg til hytte. dispensasjon frå plan. Klage over vedtak i forvaltningsutvalet sak 31/17.

Administrasjonen si tilråding:

1. *Forvaltningsutvalet sluttar seg til administrasjonens vurdering av at klaga er rett-tidig motteken innan for gjeldande klagefrist, og at det ikkje er grunnlag for avvising av klage slik kravd.*
2. *Forvaltningsutvalet finn ikkje at det i motteken klage, e-post motteke 11.05.2017 og 12.05.2017, er framsett moment som ikkje var kjent for utvalet ved handsaming av sak 31/17 den 18.04.2017, og som gir grunn til endra haldning i saka. Forvaltningsutvalet held såleis fast på sitt vedtak i sak 31/17.*
3. *Forvaltningsutvalet finn ikkje grunn til å gje saka utsettande verknad i høve til vidare klagehandsaming. jf. forvaltningslova § 42.*

Handsaming:

Røysting (7 røysteføre):

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.06.2017:

1. *Forvaltningsutvalet sluttar seg til administrasjonens vurdering av at klaga er rett-tidig motteken innan for gjeldande klagefrist, og at det ikkje er grunnlag for avvising av klage slik kravd.*
2. *Forvaltningsutvalet finn ikkje at det i motteken klage, e-post motteke 11.05.2017 og 12.05.2017, er framsett moment som ikkje var kjent for utvalet ved handsaming av sak 31/17 den 18.04.2017, og som gir grunn til endra haldning i saka. Forvaltningsutvalet held såleis fast på sitt vedtak i sak 31/17.*
3. *Forvaltningsutvalet finn ikkje grunn til å gje saka utsettande verknad i høve til vidare klagehandsaming. jf. forvaltningslova § 42.*

PS 49/17 Gbr 18/285 Dispensasjon frå reguleringsplan for Oppføring av tomannsbustad - Engeset/Klepp. klage over vedtak i Forvaltningsutvalet sak 33/17:

Administrasjonen si tilråding:

*Forvaltningsutvalet finn ikkje at det gjennom klaga er framsett nye moment av slik karakter at det gir grunn til endra haldning til saka.
Forvaltningsutvalet held fast på sitt vedtak i sak 33/17.*

Handsaming:

Røysting (7 røysteføre):



VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding vart vedteken 6 mot 1 stemme. Lars Barstad stemte i mot administrasjonen si tilråding.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.06.2017:

Forvaltningsutvalet finn ikkje at det gjennom klaga er framsett nye moment av slik karakter at det gir grunn til endra haldning til saka.

Forvaltningsutvalet held fast på sitt vedtak i sak 33/17.

PS 50/17 Gbr 19/858 - oppføring av carport med kjellarbod - dispensasjon frå plankrav - Bastianvegen 3:

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet viser til utgreiing i saka og gir med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå plankrav for gjennomføring av tiltak på gnr 18 bnr 858 i samsvar med søknad datert 28.03.2017.

Dispensasjon vert gitt på fylgjande vilkår:

- 1. Ved utbygging må naudsynte omsyn til kommunale og eventuelle private leidningar i området vere sikra og vilkår for tilsyn og kontroll med arbeid nær leidningsnettet må vere avklara med Teknisk sektor og eventuelle andre leidningseigarar.*

Murer, gjerde, trapper og ev andre faste konstruksjonar kan ikkje oppførast nærare eksisterande veg enn 1m, for å sikre framtidig areal til vegformål.

Handsaming:

Øyvind Festø reiste spørsmål om sin habilitet, då han er søkjar og part i saka, jf. fvl. § 6 1. ledd, a. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Røysting habilitet:

Øyvind Festø vart vart samrøystes kjent inhabil.

Røysting (6 røysteføre):

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.06.2017:

Forvaltningsutvalet viser til utgreiing i saka og gir med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå plankrav for gjennomføring av tiltak på gnr 18 bnr 858 i samsvar med søknad datert 28.03.2017.

Dispensasjon vert gitt på fylgjande vilkår:

- 1. Ved utbygging må naudsynte omsyn til kommunale og eventuelle private leidningar i området vere sikra og vilkår for tilsyn og kontroll med arbeid nær leidningsnettet må vere avklara med Teknisk sektor og eventuelle andre leidningseigarar.*



VOLDA KOMMUNE

Murer, gjerde, trapper og ev andre faste konstruksjonar kan ikkje oppførast nærare eksisterande veg enn 1m, for å sikre framtidig areal til vegformål.

Øyvind Festø tok sete.

PS 51/17 Skiltplan Raudemyrvegen - Håmyra i anleggsperioden:

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Skiltplanen for del av Raudemyrvegen som er meint å gjelde i anleggsperioden. Skiltplanen vert godkjend i forvaltingsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.*

Handsaming:

Sakshandsamar Edvin Løfoll møtte.

Røysting (7 røysteføre):

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.06.2017:

- 1. Skiltplanen for del av Raudemyrvegen som er meint å gjelde i anleggsperioden. Skiltplanen vert godkjend i forvaltingsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.*

PS 52/17 Skiltplan ved nye Øyra skule:

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Skiltplanen for vegar, gangvegar, parkering og avstenging med bommar ved nye Øyra skule vert godkjend i Forvaltningsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.*

Handsaming:

Røysting (7 røysteføre):

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.06.2017:

- 1. Skiltplanen for vegar, gangvegar, parkering og avstenging med bommar ved nye Øyra skule vert godkjend i Forvaltningsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.*



VOLDA KOMMUNE

PS 53/17 Skiltplan ved sjukehuset i Volda:

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Skiltplanen for offentlig del av vegar og parkering ved sjukehuset i Volda vert godkjend i Forvaltingsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.*

Handsaming:

Sakshandsamar Edvin Løfoll møtte.

Røysting (7 røysteføre):

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.06.2017:

- 1. Skiltplanen for offentlig del av vegar og parkering ved sjukehuset i Volda vert godkjend i Forvaltingsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.*

PS 54/17 Orienteringssaker:

Orienteringssaker:

OS 4/17 Fylkesmannen - vedtak i klagesak etter plan- og bygningslova - gbr 135/2

Møte slutt kl. 13.54.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
07.06.2017

Sunniva Utnes
Konsulent